

Utval: Utval for miljø og samferdsel
Møtestad: Fylkesutvalsalen, 3. etasje, fylkeshuset
Dato: 06.06.2018
Tidspunkt: 11.00-15.10

Følgjande faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Parti	Merknad
Jon Askeland	Leiar	Sp	
Synnøve Solbakken	Medlem	A	
Atle Kvåle	Medlem	A	
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A	
Per Lerøy	Medlem	A	
Stein Inge Ryssdal	Medlem	H	
Svein Halleraker	Medlem	H	
Iril Schau Johansen	Medlem	H	Til kl. 13.30
Gustav Bahus	Medlem	Frp	Til kl. 14.50
Renate Møgster Klepsvik	Medlem	Frp	
Astrid Aarhus Byrknes	Medlem	KrF	Møtte frå kl. 13.45
Geir Angeltveit	Medlem	V	

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Parti
Natalia Antonia Golis	Medlem	MDG
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	Medlem	Sp
Geir Angeltveit	Medlem	V
Marthe Hammer	Nestleiar	SV

Følgjande varamedlemer møtte:

Navn	Møtte for	Parti	
John Torgeir Torsvik	Iril Schau Johansen	H	Møtte frå kl. 13.30
Nils-Anders Nøttseter	Natalia Antonia Golis	MDG	
Sara Hamre Sekkingstad	Mette Heidi B. Ekrheim	Sp	Møtte frå kl. 13.15
Torstein Gunnarson	Geir Angeltveit	V	
Einar Horvei	Marthe Hammer	SV	

Frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Rolf Rosenlund	Seksjonsleiar, forvalningsseksjonen
John Martin Jacobsen	Seksjonsleiar, vegseksjonen
Sølve Sondbø	Klima- og naturressurssjef, regionalavdelinga
Oddmund Sylta	Direktør Skyss
Gro Stien Thorvaldsen	Seniorrådgjevar, fylkessekretariatet

Gro Stien Thorvaldsen
sekretær

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 67/18	Godkjenning av innkalling og saksliste		
PS 68/18	Godkjenning av møtebok førre møte		
PS 69/18	Referatsaker (meldingar)		
RS 42/18	Status for innføring av ny takstsonestruktur i Hordaland	2015/7302	
RS 43/18	Svar på spørsmål om veglys på fv. 48 ved Valen	2014/23823	
RS 44/18	Møteplan for fylkeskommunale organ 2019	2015/5700	
PS 70/18	Ymse		
PS 71/18	Utgreiing av muligheita til å stille miljøkrav til drosjenæringa i Hordaland	2018/10968	
PS 72/18	Evaluering selskapsvognløyver	2018/143	
PS 73/18	Styrking av rutetilbodet Nordhordland	2014/278	
PS 74/18	Lokale båtruter i Osterfjorden og Geitanger-Knappskog	2017/15772	
PS 75/18	Midlar til prosjektleiing Travel like the locals	2017/2433	
PS 76/18	Utbetring etter Tunnelsikkerhetsforskriften	2016/149	
PS 77/18	Breibandutbygging - nasjonal tilskotsordning 2018 - prioriteringar i Hordaland	2018/11262	
PS 78/18	Søknad frå Telemark Bilruter AS og Tide Buss AS om ruteløyve for strekninga Bergen-Haukeli-Oslo	2017/14828	
PS 79/18	Handlingsprogram jernbanesektoren 2018-29 - Høyringsfråsegn	2018/10239	

PS 67/18 Godkjenning av innkalling og saksliste**Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 06.06.2018****Vedtak**

Innkallinga vart godkjend utan merknader.

Saklista vart godkjend utan merknader

PS 68/18 Godkjenning av møtebok førre møte**Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 06.06.2018****Vedtak**

Møteprotokollen frå møte 15.05.2018 vart godkjend utan merknader.

PS 69/18 Referatsaker (meldingar)**Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 06.06.2018**

Referatsaker 42-44/18 vart refererte.

PS 70/18 Ymse

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 06.06.2018

Sakene vart behandla i slik rekjkjefølgje: PS 71, 72, 77, 75, 76, 78, 79, 73, 74/18.

ORIENTERINGAR

- Jan Kristian Mardal, marknadssjef i Energiportalen AS orienterte om Energiportalen.no, ENØK-telefon og kommunane sine «Grønne uker».
- Ida Heggland, leiar av utval for miljø og samferdsel (MISA) i ungdommens fylkesutval orienterte om saker på samferdselsområdet som ungdommens fylkesutval er oppteken av.
- Direktør Oddmund Sylta frå Skyss orienterte om det nye bussanbodet i Nordhordland som startar opp 16. august, m.a. med om lag 80 nye bussar, passasjerteljing og ruteomlegging.
- Astrid Aarhus Byrknes (KrF) orienterte frå møte om byvekstavtale som ho hadde delteke i tidlegare på dagen.
- Fylkesdirektør samferdsel informerte om dialogmøte 19. juni d.å. om Nasjonal transportplan og stallege rammevilkår innan samferdsel.

INNSENDE SPØRSMÅL

Nedanfor følgjer innsende spørsmål til møtet 6. juni og overliggjande frå førre møte.

1. Per Lerøy (A) hadde sendt inn slikt spørsmål.

«Spørsmål til Skyss om skuleskyss til Austrheim vidaregåande skule.

Viser til vedlagte kartlegging av kollektivtilbodet knytt til Austrheim vidaregåande skule. Me ønskjer å gje elevane i fylket eit godt kollektivtilbod. Det er særskilt viktig at reiser til og frå våre vidaregåande skular er attraktive og vel fungerande. Dette gir elevane gode haldningar til kollektivtrafikk og kan bidra til mindre fråfall i den vidaregåande skulen. Eit godt kollektivtilbod kan også redusera bruken av privatbilar til og frå våre vidaregåande skular og dermed auka trafikktryggleiken på skulevegane våre.

Er det mogeleg for Skyss å tilpassa rutetilbodet til og frå Austrheim vidaregåande skule i tråd med dei fire prioriterte tiltaka frå elevane ved skulen og Radøy Ungdomsråd for skuleåret 2018/19?»

Det var utarbeidd slikt svar:

«Vi set pris på engasjementet frå ungdomsrådet, og den gode utgreiinga dei her har framskaffa. Skyss har forståing for ynskje om at skuleelevar skal ha kortast mogleg reisetid til og frå skulen, og ynskjer at flest mogleg skal nytte seg av kollektivtilbodet. Vi ser at det er ei utfordring å utforme eit kollektivtilbod som både har stor flatedekning (for å få med seg alle elevar) og rask framkomst, når ein har avgrensa midlar til rådighet. Dette er ei stadig avvegning for Skyss. I områder med stort passasjertilfang kan det vere grunnlag for utvida tilbod som ivaretak begge behov, som til dømes mellom Knarvik og Bergen sentrum. Det blir ofte lagt opp til at dei reisande får eit byte undervegs – for å samla sett gje eit best mogleg tilbod for flest mogleg av innbyggjarane. Til skular og i område som dette, vil ein stort sett måtte prioritere midlane slik at ein får alle elevane med – innanfor rimeleg reisetid.

Skyss vil ha med seg dei konkrete tiltaka som blir foreslått i vidare planlegging. Per no ser vi at gjennomføring av tiltaka enten vil medføre behov for auka økonomiske rammer, eller at ein prioriterer bort tilbodet i enkelte områder. Som eit døme: dersom ein skal køyre nedom Leirvåg kai, må en legge om turen til ikkje lenger å gå om Fjellanger. Skyssbehovet/elevgrunnlaget til dei vidaregåande skulane er ikkje klart tidleg nok til at hastrutene kan bli detaljplanlagt ut frå dette.»

2. Per Lerøy (A) hadde sendt inn slikt spørsmål.

«Dei reisande klagar på manglande korrespondanse mellom ferjer og bussar. Konkret gjeld denne klagen manglande korrespondanse mellom ferja over Fensfjorden og buss frå Leirvåg til Bergen, men tidlegare har det kome tilsvarende klagar på Fedje-ferja og buss til og frå Sævrøy. Frå passasjerane vert det hevda at det ikkje er kontakt mellom ferjene og bussane når det oppstår forseinkingar. Har ikkje Skyss eit system for dette?»

Det vert også klag på at det ikkje er mogeleg å kjøpa billettar på buss i Nordhordland utan kontantar. Noko av dette vil betra seg når me endrar takstsonestrukturen 1. august, men for dei som ikkje har Skyss-app, bør det vera mogeleg å kjøpa billettar på skysstasjonen i Knarvik. Har Skyss planar om å installera billettautomat på skysstasjonen i Knarvik?»

Det var utarbeidd slikt svar:

«Generelt blir det planlagt etter prinsippet at der ein buss kører innom ei kai, skal det vere ein gjennomgåande reisemoglegheit. For strekningane det er spurt om er det minimum tre minutt overgangstid, i dei fleste tilfella meir. Dessverre kan det oppstå avvik med forseinking av buss eller ferje, som gjer at reisemoglegheiten fell bort. I desse tilfella er det avtala med ferjeoperatør at dei skal vente 5-10 minutt på forseinka buss. I busskontraktane er det avtala at bussen skal vente i rimeleg tid. Skyss vil ta kontakt med operatørane for å følge opp denne meldinga om manglande korrespondanse.

Skyss vil gjerne ha direkte tilbakemeldingar til vårt kundesenter når planlagde korrespondansar ikkje fungerer. Dersom vi har informasjon om tid og stad, kan hendinga raskt bli følgt opp gjennom våre rutinar for å følge opp operatørane.

Skyss har ikkje planar om å installere billettautomatar på Knarvik skysstasjon. Alle våre automatar er plasserte innanfor Bergensområdet. Dette er av praktiske og kostnadsmessige årsaker, knytt til tilsyn og vedlikehald. Vi ser også at salet på automatane går nedover, etter kvart som mobilbilletten tek ein stadig aukande del av billettsalet. I samband med innføringa av nye takstsoner, vil Skyss legge til rette for kommisjonærsal utanfor Bergensområdet, slik at reisande utan Skyss Billett-app i distriktet også på sikt kan kjøpa billettar før reisa.

Skyss arbeider kontinuerleg for å forbetre og utvide løysingar for billettsalet, og då særskilt dei sjølvbetete kanalane. Det er planlagt at salskanalane i dei nye takstsonene vil bli evaluerte etter ei tid i drift.»

OVERRSENDINGSFORSLAG

Rasmus Laupsa Rasmussen (A) sette fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Kriterier for vurdering av hvordan sakene påvirker folkehelsen

I alle saksfremlegg er blant annet sakens påvirkning på folkehelse vurdert. I de fleste sakene virker det som om administrasjonen bruker en svært snever definisjon av folkehelse. Vi ber om å få svar på hvilken definisjon av begrepet folkehelse administrasjonen legger til grunn i sine vurderinger av hvordan sakene påvirker folkehelsen. Jobber alle saksbehandlere ut fra samme definisjon, og har rådmannen laget retningslinjer for hvordan denne vurderingen skal gjøres i hver enkelt sak? Hvis ikke, vil administrasjonen gjøre dette?»

Røysting

Rasmussen sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

ANNA

Rasmus Laupsa Rasmussen (A) påpeikte at ny sak 66/18 i førre møte i utvalet ikkje var sendt vidare til fylkesutvalet sitt møte 31. mai. Det vart opplyst at dette skuldast ein inkurie.

Rasmus Laupsa Rasmussen (A) stilte spørsmål ved om kommersielle aktørar skal inviterast til utval for miljø og samferdsel utan at det har relevans for saker som skal behandlast.

PS 71/18 Utgreiing av muligheita til å stille miljøkrav til drosjenæringa i Hordaland

Forslag til vedtak

Utval for miljø og samferdsel tek saka til orientering.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 06.06.2018

Det var 13 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Utval for miljø og samferdsel tek saka til orientering.

PS 72/18 Evaluering selskapsvognløyver

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 06.06.2018

Det var 13 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Det totale talet på selskapsvognløyve vert redusert frå 50 til 45.
2. Ledige selskapsvognløyve vert lyst ut og tildelt etter ein søknadsprosess der ein legg vekt på eksklusivitet og selskapsvognprofil.

PS 73/18 Styrking av rutetilbodet Nordhordland

Forslag til innstilling

Budsjettmidlar til styrking av kollektivtilbodet/båt Nordhordland vert prioritert til tiltak i samband med oppstart av nytt bussanbod Nordhordland og styrking av busstilbodet mellom Nordhordland og Bergen.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 06.06.2018

Stein Inge Ryssdal (H) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Budsjettmidlar til styrking av kollektivtilbodet/båt Nordhordland vert prioritert til matebuss til hurtigbåten, redusert innstilling om sommaren, romjul og påske.»

Ryssdal trekte forslaget sitt.

Jon Askeland (Sp) sette fram slikt forslag:

«Endre det 5. siste ordet: «busstilbodet» vert erstatta med «kollektivtilbodet»»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med Askeland sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Budsjettmidlar til styrking av kollektivtilbodet/båt Nordhordland vert prioritert til tiltak i samband med oppstart av nytt bussanbod Nordhordland og styrking av kollektivtilbodet mellom Nordhordland og Bergen.

PS 74/18 Lokale båtruter i Osterfjorden og Geitanger-Knappskog

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tek saka om lokale båtruter i Osterfjorden og Geitanger-Knappskog til orientering. Fylkesrådmannen vert å komme attende med ny sak med anbefalte løysingar.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 06.06.2018

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet tek saka om lokale båtruter i Osterfjorden og Geitanger-Knappskog til orientering. Fylkesrådmannen vert å komme attende med ny sak med anbefalte løysingar.

PS 75/18 Midlar til prosjektleiing Travel like the locals

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune går inn i prosjektet Travel like the locals saman med Sogn og Fjordane fylkeskommune, med det føremål å få på plass tilboden til turistsesongen 2019.
2. Hordaland fylkeskommune løyver inntil kr 300 000 til arbeidet frå HNH

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 06.06.2018

Einar Horvei (SV) sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 3:

Turistane går på tvers av fylkesgrensene, og arbeidet må legga til rette for at ein på sikt kan få eit tilbod på tvers av fylkesgrensene.»

Røysting

Det var 13 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Horvei sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Hordaland fylkeskommune går inn i prosjektet Travel like the locals saman med Sogn og Fjordane fylkeskommune, med det føremål å få på plass tilboden til turistsesongen 2019.
2. Hordaland fylkeskommune løyver inntil kr 300 000 til arbeidet frå HNH.
3. Turistane går på tvers av fylkesgrensene, og arbeidet må legga til rette for at ein på sikt kan få eit tilbod på tvers av fylkesgrensene.

PS 76/18 Utbetring etter Tunnelsikkerhetsforskriften

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tar rapportering av utbetring etter Tunnelsikkerhetsforskriften til orientering og fylkesrådmannen kjem attende til oppdatert framdrifts- og finansieringsplan for tunneloppgradering.
2. Fylkesutvalet ser det vert store utfordringar med å finansiere oppgraderingane av tunnelane. Det er eit stort behov for å vidareføre det statlege bidraget etter 2019 fram til oppgradringane er gjennomført, samt auke dei statlege overføringer slik at det vert i samsvar med dei faktiske utgiftene Tunnelsikkerhetsforskriften fører med seg.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 06.06.2018

Synnøve Solbakken (A) sette på vegner av A, Sp og SV fram slikt forslag:

Alternativ til punkt 2:

Fylkesutvalet ser dei store utfordringane med å finansiere oppgradering av tunnelane.
Staten har ansvar for Tunellsikkerhetsforskrifta og må ta ansvar for finansieringa fullt ut.»

Røysting

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.
Solbakken sitt forslag punkt 2 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet med 8 røyster mot 6 røyster (H, Frp, MDG) for fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet tar rapportering av utbetring etter Tunnelsikkerhetsforskriften til orientering og fylkesrådmannen kjem attende til oppdatert framdrifts- og finansieringsplan for tunneloppgradering.
2. Fylkesutvalet ser dei store utfordringane med å finansiere oppgradering av tunnelane. Staten har ansvar for Tunellsikkerhetsforskrifta og må ta ansvar for finansieringa fullt ut

PS 77/18 Breibandutbygging - nasjonal tilskotsordning 2018 - prioriteringar i Hordaland

Forslag til innstilling

Samferdselsdepartementet har i statsbudsjettet for 2018 løyvd 149,7 mill. kroner til utbygging av breiband i område som ikkje er kommersielt lønsame å byggje ut. Den økonomiske ramma til Hordaland er 8.325.675 kroner, og Hordaland fylkeskommune prioriterer følgjande søknader i innstillinga til Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom).

1. Kvinnherad kommune – 3.800.000 kroner
2. Os kommune – 400.000 kroner
3. Meland kommune – 4.125.675 kroner

Dersom det vert aktuelt med ny tildelingsrunde av unytta midlar hausten 2018, ynskjer Hordaland fylkeskommune å prioritera følgjande søknader:

1. Jondal kommune – 1.000.000 kroner
2. Samnanger kommune – 900.000 kroner
3. Lindås kommune – 7.500.000 kroner

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 06.06.2018

Det var 13 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Samferdselsdepartementet har i statsbudsjettet for 2018 løyvd 149,7 mill. kroner til utbygging av breiband i område som ikkje er kommersielt lønsame å bygge ut. Den økonomiske ramma til Hordaland er 8.325.675 kroner, og Hordaland fylkeskommune prioriterer følgjande søknader i innstillinga til Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom).

1. Kvinnherad kommune – 3.800.000 kroner
2. Os kommune – 400.000 kroner
3. Meland kommune – 4.125.675 kroner

Dersom det vert aktuelt med ny tildelingsrunde av unytta midlar hausten 2018, ynskjer Hordaland fylkeskommune å prioritera følgjande søknader:

1. Jondal kommune – 1.000.000 kroner
2. Samnanger kommune – 900.000 kroner
3. Lindås kommune – 7.500.000 kroner

PS 78/18 Søknad frå Telemark Bilruter AS og Tide Buss AS om ruteløyve for strekninga Bergen-Haukeli-Oslo

Forslag til innstilling

1. Med heimel i yrkestransportforskrifta §3 1. ledd, jfr yrkestransportlova §§11 og 15 godkjenner fylkesutvalet søknad frå Telemark Bilruter AS og Tide Buss AS, om ruteløyve for strekninga Bergen sentrum-Åsane-Kvamskogen-Jondal-Odda-Seljestad-Telemark-Buskerud-Akershus-Oslo på vilkår som er spesifisert i pkt 2.
2. Med heimel i yrkestransportlova § 11 og Samferdselsdepartementet sitt Rundskriv N-2/2017, vert det sett som vilkår at alt materiell som vert nyttå i drifta av løyva, skal oppfylle same krav som krava til bussklasse II og III i Forskrift om universell utforming av motorvogn i løyvepliktig transport, herunder tilgjenge for rullestolbrukarar.
3. Fylkesutvalet oppmodar om at vognmateriellet som vert nyttå i løyvedrifta har motorteknologi som gjev lågast mogleg utslepp av avgassar

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 06.06.2018

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Med heimel i yrkestransportforskrifta §3 1. ledd, jfr. yrkestransportlova §§11 og 15 godkjenner fylkesutvalet søknad frå Telemark Bilruter AS og Tide Buss AS, om ruteløyve for strekninga Bergen sentrum-Åsane-Kvamskogen-Jondal-Odda-Seljestad-Telemark-Buskerud-Akershus-Oslo på vilkår som er spesifisert i pkt. 2.
2. Med heimel i yrkestransportlova § 11 og Samferdselsdepartementet sitt Rundskriv N-2/2017, vert det sett som vilkår at alt materiell som vert nyttå i drifta av løyva, skal oppfylle same krav som krava til bussklasse II og III i Forskrift om universell utforming av motorvogn i løyvepliktig transport, herunder tilgjenge for rullestolbrukarar.

3. Fylkesutvalet oppmodar om at vognmateriellet som vert nytta i løyvedrifta har motorteknologi som gjev lågast mogleg utslepp av avgassar.

PS 79/18 Handlingsprogram jernbanesektoren 2018-29 - Høyringsfråsegn

Forslag til innstilling

1. Innkorting av reisetida på Bergensbanen er viktig i forhold til å auka person- og godstrafikk på bane, for å reduser transportulukker og for å redusere klimagassutslepp. Med ein reisetid på Bergensbanen til 4 timer vil banen kunne vere konkurransedyktig i forhold til flytrafikk på strekninga.
2. Fylkesutvalet er nøgd med at det vert sett i verk tilbodsforbetringer i NTP-perioden 2018-29 på strekninga Bergen-Voss, og at det vert lagt opp til ferdigstilling av strekninga Arna-Bergen og terminal på Nygårdstangen.
3. Fylkesutvalet er uroa over at det er føreslått ei utsetjing av oppstart på Ringeriksbanen til 2022, og ber at om at det vert løyvd midlar slik at oppstart kan skje i 2021.
4. Fylkesutvalet vil framheve kor viktig det er med ei snarleg og heilskapleg gjennomføring av strekningen Arna- Voss, og vil understreke betydinga av framdrift i planlegginga. Deldelstrekninga Arna- Stanghelle vil kunne bli ferdig prosjektert i handlingsplanperioden, og utbygginga må starte opp når planlegginga er gjennomført.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 06.06.2018

Einar Horvei (SV) sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 5:

Regjeringa si jernbanereform er konkurranseutsetting og privatisering av persontransport med tog i Noreg. Fylkesutvalet meiner dette vil legge press på dei tilsette sine løns,- arbeids- og pensjonsvilkår, og føre til ein auke i byråkrati. Å samle ansvar for drift, vedlikehald og styring i same organisasjon er ei betre løysing enn jernbanereforma si oppdeling i mange mindre selskap.»

Torstein Gunnarson (V) sette fram slikt forslag:

«Alternativ til punkt 3:

Fylkesutvalet ser det som sterkt beklageleg at oppstart av Ringeriksbanen vert utsett til 2022.Det må løyst til oppstart i 2021.»

Røysting

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 og 2 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Gunnarson sitt forslag punkt 3 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot ingen røyster for fylkesrådmannen sitt forslag punkt 3.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 4 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Horvei sitt forslag punkt 5 fekk 7 røyster (SV, A, Sp) og vart med møteleiaren si røyst vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Innkorting av reisetida på Bergensbanen er viktig i forhold til å auka person- og godstrafikk på bane, for å reduser transportulukker og for å redusere klimagassutslepp. Med ein reisetid på Bergensbanen til 4 timer vil banen kunne vere konkurransedyktig i forhold til flytrafikk på strekninga.
2. Fylkesutvalet er nøgd med at det vert sett i verk tilbodsforbetringer i NTP-perioden 2018-29 på strekninga Bergen-Voss, og at det vert lagt opp til ferdigstilling av strekninga Arna-Bergen og terminal på Nygårdstangen.

3. Fylkesutvalet ser det som sterkt beklageleg at oppstart av Ringeriksbanen vert utsett til 2022. Det må løyvast til oppstart i 2021.
4. Fylkesutvalet vil framheve kor viktig det er med ei snarleg og heilskapleg gjennomføring av strekningen Arna- Voss, og vil understreke betydinga av framdrift i planlegginga. Deldelstrekninga Arna-Stanghelle vil kunne bli ferdig prosjektert i handlingsplanperioden, og utbygginga må starte opp når planlegginga er gjennomført.
5. Regjeringa si jernbanereform er konkurranseutsetting og privatisering av persontransport med tog i Noreg. Fylkesutvalet meiner dette vil legge press på dei tilsette sine løns,- arbeids- og pensjonsvilkår, og føre til ein auke i byråkrati. Å samle ansvar for drift, vedlikehald og styring i same organisasjon er ei betre løysing enn jernbanereforma si oppdeling i mange mindre selskap.